



På det jevne har det vore eit godt båtbesøk i Uskedalen. Trenden er at fleire ynskjer langtidsleige.

**Det lovar godt for båtsesongen i Uskedalen. Styremedlem Jan Henrik Hansen er godt nøgd. Det sig på med båtar og mange ynskjer leige over fleire veker. Mange båtgjester brukar Uskedalen som base og let båten liggja, mens ein tek fjellturar og reise i nærrområde. Hansen syner til båtfolk med arbeidet sitt i Odda, men som let båten liggja fast i Uskedalen. Trenden er at det aukar på med båtfolk som ynskjer langtidsleige.**

Det starta med Festidalhelga, med mange båtgjester i hamna. Seinare har det vore jevnt godt besøkt. Mange dagar i fint ver har alle gjesteplassane vore i bruk. I denne veka med gode vermeldingar er det venta storinnrykk. Då krevst det tilsyn og oppfylgjing på vaske- og sanitæranlegget. Det skal ryddast. Uskedal Båtlag set si ære i å ha det reint og fint ute og inne i servicebygget.

Uskedalen.no har før skrive om arbeidet med klargjering til sommarsesongen. Det meste av arbeidet vert gjort på dugnad. Nokre av båtgestene er med og tek eit tak. Eit ektepar frå Odda har klipt hekken mot sjøen. Det er reinska, rydda og vaska. Det er utført service på slippvogna der alle hjula er smurde og oppdraget er justert og forsterka. Det siste er oppdatert informasjon med mellom anna kart som syner alle turvegane til fjells og i nærrområde.



Mange båtgjester vil finna stien til fjells og turvegane i nærrområde. Ei ny infotavle syner dei ulike turalternativa. Strandstovo og plenen er til disposisjon for alle som ynskjer det.

Uskedalen.no møter nyss ankomne båtgjester frå Ryfylke. Det fyrste er å gjera seg kjende med nærbutikken, renovasjonsordninga og ikkje minst dei merka turstiane til fjella rundt Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal